




KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET
Postboks 8013 DEP

0030 OSLO

Att. Ingrid Stande

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
REIDUNLO	2016/2913	383/2018	SA5	08.01.2018

Melding om vedtak - Høyring: Forslag til endring i naturmangfoldlova og vassforskriften

Kommunestyret i Vinje handsama saka i møte 14.12.17 og gjorde følgjande vedtak

Vinje kommune støttar ikkje forslaget til endringar i vassforskrifta og naturmangfoldlova som Klima- og miljødepartementet (KLD) har sendt på høyring, men ser det som føremålstenleg for å nå miljømåla om god vasskvalitet at vassforvaltningsplanane framleis skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova, og at fylkeskommunane framleis skal ha rollen som vassregionmyndigheit. Dette er grunna i:

- Regional vassforvaltningsplan etter plan- og bygningslova er eit godt verktøy for å samordne kommunale, regionale og statlege etatar på tvers av geografiske og administrative grenser, noko som sikrar kunnskapsbaserte, sektorovergripande og heilskaplege planar til beste for vassmiljøet og andre samfunnsinteresser knytt til vatn.
- Regional vassforvaltningsplan etter plan- og bygningslova sikrar demokratiske prosessar gjennom stor grad av medverknad og lokal og regional politisk forankring.
- Fylkeskommunane har rollen som regional samordnar og samfunnsutviklar, og bør derfor ha plan- og prosessansvar for dei regionale vassforvaltningsplanane med tiltaksprogram. Dette er viktig for å setje vassforvaltninga i samanheng med alle samfunnsinteresser knytt til vatn.
- Det er etablert gode samarbeidsformer i vassforvaltninga på lokalt og regionalt nivå som må vidareførast. Organisering i vassområde har ført til lokal forankring av arbeidet, samt generert kunnskap og kompetanse som det er viktig å ivareta.
- Dei statlege overføringane til arbeidet i vassområda må vera stabile over tid, med store nok rammer.

Med helsing

Reidun Lofthus
administrasjonssekretær

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:

TINN KOMMUNE	Postboks 14	3661	RJUKAN
TOKKE KOMMUNE	Storvegen 60	3880	DALEN